



Utval:	Oppvekst- og kulturutval
Møtestad:	Midsund Omsorgsenter
Dato:	25.08.2016
Tid:	09:00

Vi minner om reglane i kommunelova om møteplikt og lovleg forfall, og rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngeving må meldast snarast på telefon 71270500. Varamedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling. Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med rådmann før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å henvende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsforslag bør vere utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med ordføraren før møtet.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 16/8	Godkjenning av protokoll Referatsaker	
PS 16/9	Midler til innkjøp av teknisk utstyr til kommunen si "storstue" - storsalen ved Midsund skule	2016/404


Midsund 22.08.2016

Kolbjørn Ove Stølen
Leiar


Malvin Gjendem Bjørnerem
Utvalsesekretær

PS 16/8 Godkjenning av protokoll

Referatsaker



Utval:	Oppvekst- og kulturutval
Møtestad:	Gjerdet barnehage
Dato:	02.06.2016
Tid:	09:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Inga Kristine Godø	NESTL	V
Per Steinar Orvik	MEDL	KRF
Anette Giæver Hoel	MEDL	SP
Randi Anna Hånes	MEDL	H
Tonny Bugge	MEDL	AP
Rolf Kristiansen	MEDL	FRP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Kolbjørn Ove Stølen	LEIAR	H

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
------	-----------	-------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Arild Sjøvik	Økonomisjef
Birgitta Hole	Einingsleiar Gjerdet Barnehage
Siv Janne Håseth-Eik	Rådgevar oppvekst
Ketil Ugelvik	Rådmann
Åshild Melkeraen	Rektor Midsund kulturskule
Malvin Gjendem Bjørnrem	Utvalsekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Inga Kristine Godø

Per Steinar Orvik

Anette Giæver Hoel

Randi Anna Hånes

Tonny Bugge

Rolf Kristiansen

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 16/5	Godkjenning av protokoll Referatsaker	
PS 16/6	Rammeplan for Midsund kulturskule	2016/233
PS 16/7	Utvidelse av antall på barnehageplasser ved Gjerdet barnehage og Midsund barnehage barnehageåret 2016/2017	2016/269

Det vart halde møte i oppvekst- og kulturutvalet den 02.06.16 ved Gjerdet Barnehage. Møtet vart leia av nestleiar Inga Kristine Godø. Møtet tok til kl 09:05. Det var 5 voterande ved oppstart av møte og utvalet var vedtaksfør. Anette Giæver Hoel slutta seg til møte kl 10:15. Utvalet hadde då 6 voterande og var vedtaksfør.

Referatsaker:

Økonimisjef Arild Sjøvik la fram Tertialrapport for 1. tertial 2016.

Einingsleiar Birgitta Hole tok med utvalet på ei omvisning på barnehagen.

Rådgjever oppvekst Siv Janne Håseth-Eik informerte utvalet om følgjande:

- Det vert utarbeida lokale mål for grunnskolen i Midsund basert på "Tilstandsrapport for grunnskolen i Midsund kommune 2015".
- Midsund skule har hatt eit skriftleg tilsyn frå fylkesmannen og ventar tilbakemelding i juni.
- Gjennomgang av tilbakemelding på tilsyn av barnehagane i Midsund som vart gjennomført i Mai.

PS 16/5 Godkjenning av protokoll

Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 02.06.2016

Protokoll frå møtet den 14.04.16 vart godkjent.

PS 16/6 Rammeplan for Midsund kulturskule

Forslag til vedtak:

Ny nasjonal rammeplan «Mangfald og fordjuping» kap. 1 og 2 gjerast gjeldande som generell del av plan for kulturskulen i Midsund frå skuleåret 2016/2017. Denne overordna plana vil danne grunnlag for utvikling av meir detaljerte fagplanar og lokale læreplanar.

Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 02.06.2016

Ny nasjonal rammeplan «Mangfald og fordjuping» kap. 1 og 2 gjerast gjeldande som generell del av plan for kulturskulen i Midsund frå skuleåret 2016/2017. Denne overordna plana vil danne grunnlag for utvikling av meir detaljerte fagplanar og lokale læreplanar.

PS 16/7 Utvidelse av antall på barnehageplasser ved Gjerdet barnehage og Midsund barnehage barnehageåret 2016/2017

Forslag til vedtak:

1.Midsund kommune tek i bruk 162 plassar ved Gjerdet barnehage og Midsund barnehage frå august 2016 og gjeld for barnehageåret 2016/2017.

2.Kommunestyret vedtar ei auke i rammene slik at Midsund Barnehage får auka ramme med kr. 211.000,- og Gjerdet Barnehage får auka ramme med kr. 425.000,- for budsjettåret 2016. Avsetning disposisjonsfond vert redusert med kr. 636.000

Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 02.06.2016

1.Midsund kommune tek i bruk 162 plassar ved Gjerdet barnehage og Midsund barnehage frå august 2016 og gjeld for barnehageåret 2016/2017.

2.Kommunestyret vedtar ei auke i rammene slik at Midsund Barnehage får auka ramme med kr. 211.000,- og Gjerdet Barnehage får auka ramme med kr. 425.000,- for budsjettåret 2016. Avsetning disposisjonsfond vert redusert med kr. 636.000

Møtet vart heva kl 11:10



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2016/404-1
Arkiv: 153
Saksbeh: Ketil Ugelvik
Dato: 10.08.2016

Saksframlegg

Midler til innkjøp av teknisk utstyr til kommunen si "storstue" - storsalen ved Midsund skule

Utvalsak	Utval	Møtedato
16/9	Oppvekst- og kulturutval	25.08.2016
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Midsund kommune løyver inntil kroner 300.000,- til innkjøp av diverse teknisk utstyr til storsalen ved Midsund skule. Løyvinga vert finansiert ved bruk av ubrukte lånemidlar.

Saksutgreiing:

I 2015 vart det gjort store utbetringar i "Storsalen" på Midsund skule. Det vart montert nytt lydanlegg og ein del lysutstyr, scena vart heva permanent, og tak/vaggar i sceneområdet vart måla svart. Opplevinga for publikum og dei som skal formidle noko frå scena, er no ei heilt anna enn den var. Det vart løyvd kr. 250 000,- frå kommunen, og kr. 20 000,- frå Sparebanken Møre til teknisk utstyr.

Sjølv om tilhøva no er bra, er det framleis fleire punkt på ønskelista, med utstyr som vi meiner er viktig å få på plass. Dette gjeld oppgradering av lyd- og lys-utstyr som er nødvendig for å gjere publikumsopplevinga enda betre, samt i samband med fag vi tilbyr i kulturskule og skule. Kulturskulen tilbyr faget "Produksjonsteknikk", til ungdom som vil lære meir om teknisk arrangement i samband med større arrangement, og Midsund skule tilbyr faget "sal og scene". Kulturskulen held også på å bygge opp eit tilbod i teater/ drama, som vil ha svært god nytte av

det nye utstyret som er tenkt kjøpt. Alt utstyret kjem alle brukarar til gode, både det profesjonelle og det frivillige kulturlivet. Samla sum for teknisk utstyr blir om lag kr. 500 000,-.

Kulturskulen vendte seg på nytt til næringslivet i kommunen våren 2016, og inviterte til nytt spleiselag for å få dette realisert. Sjøvik AS løyvde kr. 200 000,-. Det er også løyvd kr. 5000,- frå Istadfondet, samt at vi har fleire søknader inne hos andre moglege private bidragsytarar, som vi venter svar på med det første.

Det er innhenta tilbod frå tre leverandørar av utstyr.

Vurdering:

Når private stiller opp og gir slike flotte gåver/bidrag ser rådmannen det som naturleg at kommunen går inn med sin del. Ved gjennomføring av dette prosjektet vil storsalen bli eit godt og veileigna lokale til glede for innbyggjarane i kommunen. Rådmannen rår til at kommunen løyver kroner 300.000,- til prosjektet.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ketil Ugelvik
Rådmann

Åshild Melkeraen

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Tilbod med spesifikasjonar frå Brigh Norway AS, Molde Forum og 4Sound Molde

Særutskrift går til: